

Klimasvindelen.

Norske media er fulle av vrøvl om klima. Sist er storhendinga om nedgangen av klimagassutslepp i 2009. Nedgangen var på 5,4%. Betyr det noko for klimaet? Neppel! For milliardar av år sidan var CO₂-konsentrasjonen i atmosfæren på 80%, no er han ned på 0,0387%. Viktigaste gassen for alt liv på Jorda er likevel i vanry hos politikarar og naturvernorganisasjonar. CO₂ er ein klimagass fordi den er med på å oppretthalde levelege temperaturar på kloden. Stråling frå Sola ville utan drivhuseffekten returnere som varmestråling direkte ut i verdsrommet og vi ville ha ei iskald verd. Men no har politikarar og nokre forskarar fått det for seg at temperaturen på kloden skal stige på grunn av auka CO₂ i atmosfæren. CO₂ utsleppa skal ned. Korleis dei skal klare å påverke det er meg ei gåte.

CO₂-mengda i atmosfæren utgjør 750 gigatonn. I havet er det 50 gonger meir. Vi menneske slepp ut 8 gigatonn årleg. Som vi ser er menneskeskapt CO₂ berre om lag 1% av atmosfærisk CO₂. Men reknestykket er ikkje ferdig med det. CO₂ utgjør berre om lag 1% av drivhuseffekten. Opp mot 98% av drivhus effekten kjem nemleg frå vassdamp og skyer. Menneskeskapt drivhuseffekt er då redusert til 1% av 1%. Den norske delen er på vel 50 millionar tonn eller ein liten brøkdel av desse 1% av 1%. Den vart i 2009 redusert med 5,4%! Fram med kalkulator! Her vert det så mange nullar etter komma at det må nærme seg null i vanlege reknestykke. Men likevel er det dette norske medier slår opp som viktig nyhende. Det avslører total uforstand og ekstrem låg IQ i norske medier om klimaspørsmål. Klimapolitikk baserer seg på rein svindel og må før eller seinare bli avslørt. Lat oss fastslå at menneskeskapt CO₂ betyr ingen ting for klimautviklinga på Jorda!

Når norske politikarar brukar milliardar av skatte kroner på kjøp av regnskog og kjøp av klimavoter for å redde klimaet, så står nok svindlarane i kø ute i verda for å ta imot pengane. Dette blir den største svindel til dags dato med statsminister og regjering som

heiagjeng. Og dette vert gjennomført medan mesteparten av folket på jorda lever under fattigdomsgrensa. Sett opp mot fattigdomsproblema, vert det heilt meiningslaust av politikarane å bruke billionar av kroner på tiltak som ikkje har nokon verknad på klimaet i det heile teke. Slik klimapolitikken vert driven, er den til å bli kvalm av, og nokon må etter kvart få stogga denne politiske galskapen.

Magne Dvergsdal,

6843 Skei i Jølster

Telf 99610586